


Kaffistova



Annonse frå "Hardanger Arbeiderblad
3. mai 1934.

Odda Kaffistova

(like ved kaien og Torvet)
er stedet hvor De får den beste middag.

Flere retter kr. 1.- og 1,25.

Lunchretter 60 øre.

1 ste kl. smørbrød. Hjemmebakte
kaker. Kaffe. Landsøl. Vørterøl. Brus.

Lyse lokaler Grei betjening.

Kaffistova var i mange år ein kjend kafe midt i Odda sentrum. Kaféen låg i andre høgda i det bygget som firma Torkildsen i dag har golv-og veggfliser, Eitrheimsveien 15. Sjølv kafe-lokalet vende ut mot Eitrheimsvegen og mot Hardanger hotell. Kjøkensesksjonen låg mot sør. Mange av dei "gamle" ungarane var stamgjester der. Når dei kom frå formiddagsskift eller hadde dagtid, gjekk dei som oftast direkte på kaféen. Maten var vanlig, solid middagsmat, utan store spissfindigheiter. Det same kan vel og seiast om smørbrød og kaker. I åra etter siste verdskrigen vart kaféen driven av Harald Solhaug.

I 1960-åra var det ein fast gjeng som kom og tinga kaffi i 11-tida. Det var skulestyrar Kaland, lærar Romslo og nokre eldre lærarinner som hadde matfriminuttet der. Dei fann vel Kaffistova trivelegare enn det tronge og røykfylte lærarrommet på Odda folkeskule.

Kjelde: Odd Slåttelid

Odda Mållag
betalar porto

Odda i manns minne er berre ein del av det kulturarbeidet som mållaget driv. Saman med Noregs Mållag arbeider vi for det viktigaste for norsk kultur: å utvikla og verna om språket vårt.

Gode lesar!